



Vik kommune

Tenestetorg

Dei politisk valde i kommunestyret

Vår ref. Dykkar ref. Sakshandsamar Direktenr Arkiv Dato:
12/1093-3 Geir Svendsen K1-064 16.10.2012

Spørjetimen

Medlemar av kommunestyre har høve til å stille spørsmål til ordføraren i møtet.

Kommunestyret vedtok i møte 16.03.00 i k.sak. 0023700 følgjande reglar for spørjetimen:

- Spørsmål skal stilast til ordførar/møteleiar. Det er opp til ordførar/møteleiar å ta avgjerd i om han sjølv svarar på spørsmålet eller overlet dette til rådmannen
- Ordføraren kan på eige initiativ be rådmannen gjere greie for saker i ein slik spørjetime.
- Spørsmål som er fremja skriftleg seinast 3. dagar før møtet **skal** svarast på.
- Spørsmål som vert fremja seinare (eller på møtet) skal svarast på i den utstrekning ordførar/rådmann finn det mogeleg. Spørsmål som ikkje kan svarast på vert eventuelt å fremje på neste møte.
- Spørsmålsstillaren kan stille tilleggsspørsmål i møtet.
- Spørsmålsstillaren kan ikkje krevje at saka spørsmålet gjeld vert teke opp til realitetsbehandling. Dette må i såfall skje etter reglar i § 34 nr. 1 i kommunelova.
- Dersom spørsmål vert stilt i samsvar med ovannemnde prosedyrar, har spørsmålsstillaren krav på fyllestgjerrande svar i kommunestyremøtet av ordføraren eller den han gjev fullmakt.
- Desse supplerande reglane avgrensar ikkje kommunestyremedlemmene sin rett til å stille spørsmål direkte på møta i samsvar med kommunelova § 34 pkt. 2.

